



Arkivnr: 2016/34887-15
Saksbehandlar: Gunhild Raddum

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-------------------------------|--------|------------|
| Utval for miljø og samferdsel | 11/19 | 16.01.2019 |
| Utval for miljø og samferdsel | | 13.03.2019 |

Fråvikssøknad - reguleringsplan for fv 48 Skånevik - Flesjo i Etne kommune

Samandrag

Statens vegvesen si avviksgruppe har vurdert søknad om fråvik frå krav i ny handbok N100 i planlegginga av vegstrekning langs fv 48 mellom Skånevik og Flesjo, sjå vedlagte brev. Reguleringsplanen er i sluttfasen, og det vert søkt om å fullføre planen i tråd med krava i gamal N100. Fråviksgruppa i Statens vegvesen kan ikkje sjå at tekniske kvalitetar vert forringa ved å legge den gamle håndboka til grunn. Utval for miljø og samferdsel har etter «*Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune*» fullmakt til å fråvike vegnormalane i handbok N100 når det gjeld «skal – krav».

Økonomi: Endring av reguleringsplan for å imøtekomme krava i ny N100 vil gje kostnadsauke både i høve til konsulenthonorar og meir krevjande utbygging.

Klima: Ikkje relevant for fråvikssøknaden

Folkehelse: Ikkje relevant for fråvikssøknaden

Regional planstrategi: Ikkje relevant for fråvikssøknaden

Forslag til vedtak

Miljø- og samferdselsutvalet viser til brev datert 28.11. 2018 frå Statens vegvesen, og vedtek fråvik frå krava i vegklassen «Gater» i ny *N100 Veg og gateutforming*.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Tilleggsopplysningar til fråvikssøknad - reguleringsplan for fv 48 Skånevik - Flesjo
- 2 Kostnadsoverslag Skånevik - Flesjo
- 3 Brev frå SVV datert 28.11.18

Fylkesrådmannen, 13.12.2018

Bakgrunn for saka

For fylkesvegar er fylkeskommunen vegstyresmakt etter § 9 i Vegloven – forskrift om anlegg av offentleg veg av 29.03. 2007. Fråvik frå vegnormalane består av kan-, bør- og skal- krav. Ved fråvikshandsaming vert det nytta standardiserte skjema der det skal dokumenterast kva handbok det vert søkt om fråvik frå, med grunngjeving, konsekvensar av fråvik og forslag til avbøtande tiltak. Statens vegvesen har i kvar region etablert ein fråviksgruppe som handsamar fråvikssøknadane og kjem med tilråding til rett vegstyresmakt.

Alle søknader om fråvik for fylkesveg skal gå via Statens vegvesen og handsaming i fråviksgruppa. Fråvik frå skal- krav vert sendt vidare til Hordaland fylkeskommune for politisk handsaming, etter at fråviksgruppa har gitt si tilråding. Utval for miljø og samferdsel har etter «*Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune*» fullmakt til å fråvike vegnormalane når det gjeld skal – krav.

Statens vegvesen har fått fullmakt til å fatte avgjerd i bør- krav.

Fråvikssøknaden – reguleringsplan fv 48 Skånevik – Flesjo

Vegnornaler er ein samlebetegnelse for normalane i Statens vegvesen sin handbokserie som er delt inn i 10 hovudtema og inneheld krav til mellom anna *N100Veg- og gateutforming*. I oktober i år vart ny utgåve av Håndbok *N100 Veg- og gateutforming* godkjent, og den skal nyttast for reguleringsplaner som ikkje har vore på offentleg høyring.

Vegprosjektet på strekninga Skånevik – Flesjo er omlag 2500 meter og skal utbetrast for betre framkome og trafikktryggleik. Reguleringsplanen som snart er klar til å sendast på høyring skal sikre naudsynt areal. Planarealet er vist med rød farge i kartet.



Fråviksnemnda handsama i april 2018 fråvik frå gamal N100:

Sak 94/18 – Nabokurve - tilrådd

Sak 95/18 – Skulderbredde - avslått (er retta i reguleringsplan i tråd med krav i gamal N100)

Sak 96/18 – Avkjørsel - godkjent

Sak 97/18 – Resulterende fall - tilrådd

Sak 98/18 – Dim. Kjøretøy A1

Sak 99/18 – Horisontal og vertikalkurvatur – godkjent


I vedlagte brev frå Statens vegvesen er det skissert to avvik:

- L1 Tverrprofil /vegbreidde på kjørefelt = skal krav
- L1 horisontal og vertikalkurvatur = kan krav (vert ikkje lagt fram for politisk vedtak då Statens vegvesen har fullmakt til å handsame saka)

Det vert søkt om følgjande fråvik frå ny N100 Veg og gateutforming

Behalde planlagt vegbreidde på deler av strekninga:

I ny N100 er vegklassen «Miljøgate» teke ut og dette gir mindre rom for fleksibilitet når det gjeld vegbreidde på stader med knappe areal og låg fartsgrense. Reguleringsplanen legg no til grunn dimensjoneringsklassen «Gater» for strekninga mellom Skånevik og krysset ved Ytranesvegen. Dette stiller andre krav til vegbreidde. I ny N100 er det krav om totalt 6,5 meter breidde på vegen ved 50 km/t, og ein totalbreidde på 6 meter ved fartsgrense på ≤ 40 km/t. I planen er det lagt opp til 6 meter breidde ved 50 km/t og 5,5 meter breidde ved 30 km/t. For å behalde to hus i ein 30 km/t sone er det lagt inn ein innsnevring. Her får vegen ein breidde på 3,25 meter.



Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen legg til grunn at fråviksgruppa i Statens vegvesen har gjort dei naudsynte faglege vurderingane når det gjeld konsekvensar for trafikktryggleik, framkome og bustader langs vegen. Reguleringsplanen for Skånevik – Flesjo er snart klar til å sendast på høyring, og det vil medføre store konsekvensar for både framdrift og ressursbruk å gjere endringar i tråd med krav i ny handbok N100 Veg og gateutforming. Reguleringsplanen er i tråd med krav i gamal handbok og fylkesrådmannen vurderer det som akseptable løysingar. Godkjenning av fråvik frå krava i vegklassen «Gater» i ny N100 vert tilrådd.